



Mellom 15 og 20 liter pr. sekund rann ut i vegkanten i dag tidleg.

Det er brot på den gamle vassledningen ved Fitjanaustet på Nedre Fet. Vassledningen forsyner abonnentane på nedsida av Fylkesvegen frå elvosen til og med Eikelandet Brygge, tilsaman 10 brukarar. Skaden er rekna å vera utbetra i løpet av dagen.

Vassbrotet vart registrert tidleg i dag. Mellom 15 og 20 liter pr. sekund kom opp i vegkanten og rann ut i elva mellom to naust. Musland Maskin kom straks på plassen og lokaliserte brotet nokre meter inn i vegbanen. No vert det grave og skøytt inn ny ledning på 1 til 2 meters lengde.

Vassbrotet er på den gamle ledningen som går frå Eikeelva ned lia, over elva og som kom opp ved Sætre sitt bakeri. I 1971 kom det ein ny ledning inn til bygda under Sekundærstasjonen. I 1958 då Hjørnevåg flytta fiskematproduksjonen frå kjellaren i bustadhuset deira til sjøtomta på Eikelandet, vart det lagt ein vassledning langs landet i sjøen. Denne forsyninga var i bruk fram til Eikelandet Brygge kom. Då vart det lagt ny ledning frå Fitjanaustet, langs fylkesvegen og over Eikeelva.



Musland Maskin var kjøpt på plassen og starta graving og lokalisering.

Det er montert ein kumme i vegkanten der vasskaden er i dag. Kummen er mellom anna laga for kunna foreta utspyling frå den gamle vassledningen frå 1950 talet. Telekablær på skadeplassen gjer at ein må gå forsiktig fram.

Går alt etter planen, skal alle ha vatnet tilbake i løpet av dagen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Johannes Kaldestad Feet har lokalisert vassbrotet. I overkant ligg det telekablær.